



## Referat frå styremøte i styret for Betel ondag 19. august 2015

### Til stades:

Oddvar Hægeland (2015-2017)

Øystein Kvamme (2015-2016)

Sigrid T. Lofstad (2015-2017)

Sigrun Lønning Solvang (2015-2017)

### Saksliste

Opning ved Oddvar om Jesus som vegen, sanninga og livet.

#### **Sak 26/15: Godkjenning av referat frå styremøte 8. juni 2015**

Referatet blei godkjent med merknad til sak 21/15 om at det finst eit referat frå komitéen til Godhetsveka som oppsummerer mykje av det same.

#### **Sak 27/15: Møteliste hausten 2015**

Møta er klare, men lista over alle møta er ikkje ferdig. Ho blir ettersendt styremedlemma på e-post og publisert på nettsidene og hengt opp. Nettsidene har allereie lister over sundagstreffa og fredagsklubben. Tips: Abonnér på kalenderen på betelnett. Då får du alle møtene inn i din eigen digitale kalender.  
Styret fordelede ansvaret for dei ulike møtene. Oddvar lagar både ei samla møteliste og ei eiga intern ansvarsliste.

#### **Sak 28/15: Planlegging av menighetsmøte sundag 30. august kl. 1700**

Styret planla møtet og fordelede ansvar. Menighetsmøtet kjem som referatsak på neste styremøte. Styret presiserer at dette er ein viktig arena for menigheten og at det er viktig at folk kjem.

#### **Sak 29/15: Infosaker**

Oddvar går inn i komitéen for jubileumsmarkeringa.

Fredagsklubben: Betel er godt involvert i arbeidet denne hausten på fleire plan.

I løpet av sommaren har vi fått eit piano heilt gratis til kjellaren. Dette blir stemt på tidlegare eigars rekning.

#### **Sak 30/15: Diverse innkjøp**

Minglebord og talarsto blir bestilt ein av dei nærmaste dagane.

Vi prioriterer ikkje ny PC og Internett no (har kanskje vore aktuelt pga.

Fredagsklubben som denne hausten blir på Fredheim).

Trommesett har det òg vore snakk om, men det er det ikkje behov for no, og det er heller ikkje nokon som speler trommer i menigheita per i dag.

Det blir kjøpt inn og laga rullestolrampe som erstattar den noverande trappa. Denne vil bli sett opp på dugnad.

**Sak 31/15: Vekst 2020**

Korleis nå fleire og skape tilhøyrsla til Betel? Saka blir teken opp på menighetsmøtet 30/8.

**Sak 32/15: Eventuelt**

Det var ingen eventueltsaker.

19. august 2015

*Oddvar Hægeland, sekretær*